

# SONGEN OM GURO

INGEBJØRG LOGNVIK REINHOLDT

SUMMERS/SILVOLA/KVAM



Songen om Guro er folkeviser arrangert av Ingebjørg Lognvik Reinholdt, Sarah Jane Summers, Juhani Silvola og Morten Kvam. Tekstane er dikt frå bygdediktaren Jørund Telnes' sin diktsyklus «Guro Heddelid» frå 1880, basert på ei lokal soge frå tida før Svartedauden. Soga fortel om den vakre og rike Guro Heddelid, og mennene som kjempa seg til blods for å vinne hjartet hennar.
Dikta vart så populære at dei vart sett folketonar til og tatt opp i songtradisjonen i Telemark. Plata er spela inn i Guros heimtrakter, i Flatdal Kyrkje.

Songen om Guro er både ei musikkoppleving, eit lite stykke kulturhistorie og forteljinga om ei fascinerande, forlokkande og sterk kvinne. Velkomen inn i verda til Guro.

## GURO HEDDELID

Guro rid til sundagsmesse, fyller kyrkja og trollbind kyrkjelyden.

## SVERDET PÅ HEDDELID

Friarane står i kø på Heddelid. Dei må lyfte eit sverd for å vise at dei er verdige Guro og Heddelid.

## HALLVOR UVAAS FRIR

Hallvor har drukke seg til mot for å lyfte sverdet og vinne Guro, men Guro, ho har andre planer…

## TORE SMYLIMOEN

På stølen om sommaren. Der treffer Guro barndomskjærleiken, den vene, men fattige spelemannen Tore Smylimoen.

## TORGEIR UPPSTAD

Ein anna friar kjem heilt ifrå Setesdal, slåsskjempa Torgeir Uppstad. Guro har ikkje den same hugen til han som til Tore, men han er imponerande staseleg og rik, og sterk i både kropp og vilje. Før dei gjekk bort lova Guro foreldra at ho skulle ta det trygge valet, og gifte seg med ein sterk og rik kar som kunne «reise ætti på Heddelid». Så ho tek imot Torgeir sine gåver, og ho lovar han si hånd. Men Guro tvilar. For Torgeir har ei mørk side. I denne songen drep han hennar tredje friar, den hæve Tor frå Sundbø. Guro lengtar til spelemannen og sommaren på stølen.

## FESTET

Torgeir Uppstad spreier rykter om at Guro og Tore er i slekt i sjuande ledd, noko som gjer at presten i Seljord nektar å vie dei. Guro gjev opp draumen om Tore og dreg med Torgeir for å bli fest. Festarmål er ei gamal form for forloving. Framfor prest og vitne tek dei kvarandre i handa og lovar kvarandre truskap. Det einaste som kunne bryte eit festarmål var om ein fann ut at dei var i slekt, eller om ein av dei døydde. Tore har funne ein annan prest utpå Garvikstrondi som vil vie dei, og dreg for å stoppe festarmålet.

## GIFTET

Guro rid til kyrkje for å gifte seg med Torgeir.

## EG HAE MEG EIN VEN

Tore sit att med knuste draumar, etter å ha gjort alt i si makt for å få Guro. Han flyt til fjells, blir vitlaus av sorg, og kjem aldri lenger ned til bygda.

## GUROS BÅNSULL

Guro får tre born, som vert heile livet hennar. Ho ser dei vekse opp og tenker tilbake på vala ho har tatt, på sorgen ho har gjeve andre.

## BELTESPRETTING

Etter eit liv med slåsskampar, drikking og løgn bekymrar Torgeir seg for om Perleporten heng noko høgt for han. Guro og Torgeir kjøper avlatsbrev for å bøte på sine synder. Kyrkja får fire kyr og Guro og Torgeir får evig frelse.

Kort tid etterpå møter han Leiv Sundbø i ei beltespretting. Ein konflikt, to knivar, to slåsskjempar rygg mot rygg. Fest saman med eit belte. Torgeir fell og døyr som han har levd. I kamp.

## DRAUMEN

Guro blir aleine. Uroa for sine synder, sine små og etterlivet aukar. Så kjem Svartedauden til Seljord, og ho mistar alle tre borna sine. Guro sit att på ein aude gard, i ei aude grend. Ikkje eit ord, ikkje ein pust ikring. Ho trur dette er Gud si straff for livet ho har vald. Men ein kveld kjem ungane til ho i ein draum, og syng til mor si om å sigle høgt over sol og kome inn til dei i himmelen.

Etter songen tonar ut, høyrer ho felespel frå fjellet.





Guro's Song is a collection of traditional songs from Telemark arranged by Ingebjørg Lognvik Reinholdt (vocals), Sarah-Jane Summers (viola/fiddle), Juhani Silvola (guitars) and Morten Kvam (double bass/vocals). The lyrics are poems from local poet, Jørund Telnes' «Guro Heddelid», from 1880. The collection of poems is based on a local saga from the time before The Great Plague. It tells the story of the beautiful and rich Guro Heddelid, and of all the men who fought to win her. These poems became so popular that they were sung with traditional melodies and became a part of the singing tradition. Our versions are recorded close to Guro's valley, at Flatdal Church.

Guro's Song is both a musical experience, a little piece of cultural history and the story of a fascinating, alluring and strong woman. Welcome into Guro's world.

## GURO HEDDELID

When Guro rides to Sunday Mass, she fills the church and captures the attention of the entire congregation.

## SVERDET PÅ HEDDELID **/ The Heddelid Sword**

The Heddelid farm is overrun with suitors hoping to impress Guro. She decides they have to lift her father's great sword to prove to her that they are worthy of her and Heddelid. Only three men can do this.

## HALLVOR UVAAS FRIR **/ Hallvor Uvaas Proposes**

Hallvor sits drunkenly at a party and boasts that he will swing the sword and collect Guro from Heddelid. When he arrives, Guro has other plans. In short, he comes home without the sword or the girl, dead drunk on last year's beer and tied backwards on his horse.

## TORE SMYLIMOEN

Guro goes to the mountain farm in the summer. There she meets her childhood sweetheart, the handsome, but poor fiddler Tore Smylimoen, in song, in dance and by the late night hearth.

## TORGEIR UPPSTAD

Another suitor comes all the way from another county to win the rumoured beauty, the fighter Torgeir Uppstad. Guro does not have the same feelings for him, but he is impressively stately and rich, and strong both of bones and will. Before her parents passed away, she promised them that she would choose wisely, and marry a man with the strength and the money to be the head of a great family. So she accepts his gifts and promises him her hand. But Guro has doubts, because Torgeir has a dark side. In this song, Torgeir rides out to see Guro one night. But with her is her third suitor, the hard-working Tor from Sundbø. A fight ensues between the two. Only one survives. And Guro, she longs for the fiddler and summers in the mountains.

## FESTET **/ The Engagement**

Torgeir Uppstad spreads rumours that Tore and Guro are distantly related. This causes the priest in Seljord to refuse to marry them. This is the last drop for Guro, who gives up the dream of Tore, and rides with Torgeir to get engaged. The old way of getting engaged involved a priest and a promise that was only breakable by death or by discovering that the bride and groom were related. Tore follows, steals the woman he loves and the two row to another priest who has agreed to marry them. Torgeir follows, breaks into the chapel and strikes down his rival with an axe.

## GIFTET **/ The Wedding**

Guro rides to church to get married to Torgeir.

## EG HAE MEG EIN VEN **/ I Once Had A Friend**

Tore has done everything possible to win the love of his life, but has now lost. He flees up into the mountains, out of his mind with grief.

## GUROS BÅNSULL / **Guro's Lullaby**

Guro gives birth to three children, who are her absolute life. As she watches them grow up, she is reminded of the choices she has made and the pain she has caused.

## BELTESPRETTING / **The Belt Duel**

After a life of fighting, drinking and lies, Torgeir becomes worried that Heaven might be a bit too high up there for him. So Guro and Torgeir buy letters of indulgence to pay for their sins. The church gets four cows and they get eternal salvation. Shortly after, at yet another party, he meets Leiv Sundbø. One conflict, two knives, two fighters back-to-back, one belt straps them together. Torgeir is the first to fall, and dies like he has lived. Fighting.

## DRAUMEN / **The Dream**

In the end, The Black Death comes and wipes out the entire valley. Guro loses her three children and is left all alone. In her deep grief she thinks this is God's way of punishing her for her sins, and that she will never go to Heaven and see her children again.

One night, in a dream, they come to her and sing of how God has sent them, and a ship is waiting to sail them all above the sun.

After the song ends, she hears from the mountains a single fiddle playing.

Spela inn i Flatdal Kyrkje,
30. januar–1. februar 2017

Ingebjørg Lognvik Reinholdt (kveding)
Sarah-Jane Summers (bratsj/fele)
Juhani Silvola (gitarer)
Morten Kvam (kontrabass)
Morten spelar også orgel på spor 5 og korar på spor 6

Produsent/lydtekniker: Roar Nilsen
Medprodusentar: Reinholdt/Summers/Silvola/Kvam
Miks: Juhani Silvola
Mastring: Morgan Nicolaysen, Propeller Mastering
Grafisk design: Eva Karlsson
Booklettekst: Ingebjørg L. Reinholdt / Reidunn L. Reinholdt
English translation: Ingebjørg L. Reinholdt / Sarah-Jane Summers
Artistfoto: Ingvil Skeie Ljones

Alle musikk er arrangert av musikarane
Alle tonar er etter Øyonn Groven Myhren, med unntak av:
1. Guro Heddelid – etter Ragnar Haugstøl
4. Tore Smylimoen – mel. av ingebjørg Lognvik Reinholdt
8. Eg hae meg ein ven – etter Unni Boksasp, oversett i skillingsvisestil av Ingebjørg
Tonane er også farga av møte med Kari Lønnestad, arkivopptak og Eivind Groven sine notenedskrifter.
Alle tekstar fritt etter Jørund Telnes (1880)

Takk til Øyonn Groven Myhren for inspirasjon til prosjektet og utømmeleg kunnskap.
Takk til Riksscenen for støtte til å lage forestillinga om Guro.
Takk til gode vener og familie for all hjelp, sponsing, støtte, kjærleik og tolmod.

Produksjonen er støtta av Fond for utøvende kunstnere, Landskappleikfondet 2011, Seljord Kommune og Rådet for folkemusikk og folkedans.

ffuk.no

Rff



1. GURO HEDDELID
2. SVERDET PÅ HEDDELID
3. HALLVOR UVAAS FRIR
4. TORE SMYLIMOEN
5. TORGEIR UPPSTAD
6. FESTET
7. GIFTET
8. EG HAE MEG EIN VEN
9. GUROS BÅNSULL
10. BELTESPRETTING
11. DRAUMEN

Ingebjørg Lognvik Reinholdt (vocals)
Sarah-Jane Summers (viola/fiddle)
Juhani Silvola (guitars)
Morten Kvam (double bass/organ/vocals)

TA179CD ©Talik 2017 info@talik.no **www.talik.no**